

Ostereidet bygdelag

Ostereidet, 17. april 2015

Stranda 435, 5993 Ostereidet

Lindås kommune

v/ Anne Wergeland

5914 Isdalstø

Merknad til kommunedelplan for skule 2014 – 2018

Ostereidet bygdelag har drøfta kommunedelplan for skule 2014 – 2018 og har følgjande tre hovudpunkt til denne som me ber dykk vurderer i det vidare planarbeidet før det skal slutthandsamast i kommunestyret. Desse tre hovudpunkta er:

1. Ostereidet ungdomskule må ikkje flyttast

Innleiingsvis viser bygdelaget her til at kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel vart vedteke i Lindås kommunestyre den 22.09.2011, og gjeld for perioden 2011 – 2023. Begge desse overordna styringsdokumentet slår fast at det skal vera tre tettstadar som skal fungera som viktige sentra for offentlege og private tenester i Lindås kommune. Desse tre stadane er Knarvik, Lindås og Ostereidet. Bygdelaget saknar i dette planframlegget ei vurdering og forankring til desse overordna dokumenta, og ei drøfting som viser at ein har forstått planhierarkiet i plansystemet til Lindås kommune. Det er spesielt på side 35 i plandokumentet under rådmannen si vurdering og tilråding dette kjem til grunn, mellom anna fordi ein her vurderer flytting av ungdomskulen frå Ostereidet til Eikanger. Det er ein ide som etter bygdelaget si vurdering viser manglande forståing for heilskapen i lokalsamfunnsutviklinga, og som viser at plandokumentet ikkje ser på viktige strukturar og tilbod i samanheng. Bygdelaget vil understreka at sentrumsområdet på Ostereidet er eit integrert bu- og oppvekstområde, og at ein her over lang tid har utvikla gode tenestetilbod for born og unge frå barnehagealder til og med 10.klasse. Nærleiken til idrettsanlegg i form av friidrettsbane, kunstgrasbane, symjebasseng og sandvolleyballbane m.v. , samt andre aktivitetar på Ostereidet knytt til lags- og fritidstilbod, gjer at å flytta ungdomskulen ville medført ei rasering av denne ungdomsgruppa sine moglegeheiter til å driva med mange ulike aktivitetar i skuletida. Ostereidet bygdelag ber hermed om plandokument

vert endra, ved at det vert slått fast at tettstaden Ostereidet framleis skal vera eit heilskapeleg oppvekstsområde med ungdomskulen som eit sentralt og samlande midtpunkt.

2.Sosiale møteplassar og god folkehelse heng saman:

Når det gjeld framlegga om å leggja ned/ flytta på dei to barneskulane her inne, så vil bygdelaget visa til at det er velfungerande lokalsamfunn både på Eikanger og Kløvheim. Ein meiner at desse krinsane vil mista viktige kulturelle og sosiale møteplassar om desse skulane vert lagt ned. Det igjen vil kunna medføre redusert bukvalitet og mindre engasjement hjå innbyggjarane i desse krinsane, noko som igjen vil kunna gje born og unge eit dårlegare oppvekstmiljø og redusert folkehelse som resultat for mange, og spesielt for utsette grupper.

3.Satsing på nye bustadfelt i krinsane Ostereidet, Kløvheim og Eikanger:

Ostereidet bygdelag ber kommunen vurdere andre alternative strategiar enn å leggja ned barneskular i denne delen av kommunen, t.d. ved å satsa på tilrettelegging av nye bustadfelt og naudsynt infrastruktur, slik at det kan verta vekst i desse krinsane i staden for stagnasjon. Nærleiken til Bergen/ Knarvik og E39, samt eit allsidig kulturliv og flott natur gjer alle krinsane knytt til Ostereidet ungdomskulekrins attraktive for nye innbyggjarar. Det er igjen på tide at kommunen inngår gode utbyggingsavtalar for å utvikla nye bustadfelt i vår del av kommunene, slik kommunen gjorde på 80-og 90-talet. Med tilvisning til samfunnsdelen sine klare målsettingar ber me at Lindås kommune tek opp igjen samarbeidet med Lindås tomteselskap i arbeidet med å utvikla alle deler av kommunen. Det er godkjente reguleringsplanar både på Fyllingsnes, på Kløvheim og ny reguleringsplan er under utvikling på Ostereidet. For å kunna realisera reguleringsplanane treng utbyggjarane (inkludert Lindås Tomteselskap) ein kommune som tek eigarskap til utviklinga slik at elevtalet i framtida kan aukast i alle deler av kommunen.

Me ønskjer dykk til slutt lykke til med det vidare planarbeidet, og ber dykk kommentere alle tre punkta våre i den vidare handsaminga.

Med helsing Ostereidet Bygdelag

v/ Sveinung Toft
leiar